




Gaular kommune
Sentraladministrasjonen



Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

Saksnr. 01/00908	Arkivkode S05	Journalnr. 1064/05	Sakshandsamar HFØ	Dato 28.02.2005
---------------------	------------------	-----------------------	----------------------	--------------------

NOU 2004 - 26. HEIMFALL. FRÅSEGN

Gaular kommune vil gje fylgjande uttale:

Vassdraga våre er ein fornybar, evigvarande og forureiningsfri ressurs. Vasskrafta utgjer så godt som all kraftproduksjon i landet i dag og har grunnleggande betydning for verdiskaping og velferd. For landet vårt er vasskrafta ein viktig infrastruktur, og inga anna næring har bidrege i same grad til industriutvikling, distriktsutbygging og utvikling av det norske velferdssamfunnet. Vi er difor opptekne av korleis desse ressursane blir forvalta i framtida og av at dei store verdiane som ligg i vasskrafta skal kome alle innbyggjarane i landet til gode. Etter vår meining er det berre eit tungt offentleg eigarskap som kan sikre verdiane for etterkomarane våre.

Fleirtalet i Heimfallsutvalget går inn for gjennomgripande endringar i heimfallsordninga utan ei klår målsetjing med dei føreslegne endringane og utan ei klår oversikt over verknadene av desse. Etter vårt syn kan desse endringane føre til eit storstila sal av norske vasskraftressursar. Vi meiner det må krevjast grundige konsekvensutgreiingar av dei endringane som fleirtalet gjer framlegg om.

Det er naudsynt å få ei grundigare avklaring av handlingsrommet i EØS-avtala, mellom anna for å få klårlagt kva for tenleg heimfallsmodell som kan gjennomførast.

Eit mindretal i Heimfallsutvalget med LO, KS og LVK legg stor vekt på framtidig eigarskap og gjer framlegg om ordningar som vil sikre langsiktig norsk eigarskap til vasskrafta.

Mindretalsframlegget gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstruktureringar. Gjennom offentleg eigarskap vil samfunnsinteressene i vidaste forstand bli best ivaretekne og vi finn difor grunn til å støtte mindretalet sitt syn. Vi er samde i mindretalet sitt primære framlegg om transaksjonsmodellen, som medfører at alle kjøparar blir gitt tidsavgrensa konsesjon for 60 år, medan dagens offentlege eigarar får behalde evigvarande konsesjon så lenge dei ikkje sel. Dersom det viser seg at transaksjonsmodellen ikkje kan sameinast med EØS-reglane, støttar vi mindretalet sitt subsidiære framlegg, "rettighetsmodellen", som gir tidsavgrensa konsesjon på 60 år for alle, med heimfall til staten og der alle kjøparar blir likestilte, og slik at dagens offentlege eigarar får lovfesta rett til ein andel av anlegget eller erstatning for tapet som eit heimfall medfører.


Gaular kommune sitt syn kan oppsummerast slik:

- Nye heimfallsreglar må ha som overordna mål å sikre offentleg eigarskap
- Forvaltning og verdiskaping av naturressursar bør skje mest mogeleg lokalt
- Det bør etablerast ordningar som skaper ein fungerande marknad for kraftkonsesjonar utan at heimfallsordninga fell bort
- Den norske stat må avklare handlingsrommet i EØS-avtala, og kva den har å seie for konsesjons- og heimfallsreglar i framtida
- Grundige konsekvensutgreiingar må leggest fram før saka blir endeleg handsama

Gaular kommune sluttar seg til innstillinga frå mindretalet i Heimfallsutvalet og deira særmerknader.

Med helsing


Jenny Følling
Ordførar


Hege Følid
Rådmann

Kopi:

LVK v/Vigdis Eklund, postboks 471, Sentrum, 0105 OSLO

KS sentralt

KS Sogn og Fjordane

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS)

Kommunane Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal

Sande 28.02.05

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2004 : 26 - HEIMFALL

Samarbeidsforum for Sunnfjord (SIS), som er regionråd for kommunane Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal, vil gje fylgjande uttale:

Vassdraga våre er ein fornybar, evigvarande og forureiningsfri ressurs. Vasskrafta utgjer så godt som all kraftproduksjon i landet i dag og har grunnleggande betydning for verdiskaping og velferd. For landet vårt er vasskrafta ein viktig infrastruktur, og inga anna næring har bidrege i same grad til industriutvikling, distriktsutbygging og utvikling av det norske velferdssamfunnet. Vi er difor opptekne av korleis desse ressursane blir forvalta i framtida og av at dei store verdiane som ligg i vasskrafta skal kome alle innbyggjarane i landet til gode. Etter vår meining er det berre eit tungt offentleg eigarskap som kan sikre verdiane for etterkomarane våre.

Fleirtalet i Heimfallsutvalget går inn for gjennomgripande endringar i heimfallsordninga utan ei klår målsetjing med dei føreslegne endringane og utan ei klår oversikt over verknadene av desse. Etter vårt syn kan desse endringane føre til eit storstila sal av norske vasskraftressursar. Vi meiner det må krevjast grundige konsekvensutgreiingar av dei endringane som fleirtalet gjer framlegg om.

Det er naudsynt å få ei grundigare avklaring av handlingsrommet i EØS-avtala, mellom anna for å få klårlagt kva for tenleg heimfallsmodell som kan gjennomførast.

Eit mindretal i Heimfallsutvalget med LO, KS og LVK legg stor vekt på framtidig eigarskap og gjer framlegg om ordningar som vil sikre langsiktig norsk eigarskap til vasskrafta.

Mindretalsframlegget gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstruktureringar. Gjennom offentleg eigarskap vil samfunnsinteressene i vidaste forstand bli best ivaretekne og vi finn difor grunn til å støtte mindretalet sitt syn. Vi er samde i mindretalet sitt primære framlegg om transaksjonsmodellen, som medfører at alle kjøparar blir gitt tidsavgrensa konsesjon for 60 år, medan dagens offentlege eigarar får behalde evigvarande konsesjon så lenge dei ikkje sel. Dersom det viser seg at transaksjonsmodellen ikkje kan sameinast med EØS-reglane, støttar vi mindretalet sitt subsidiære framlegg, "rettighetsmodellen", som gir tidsavgrensa konsesjon på 60 år for alle, med heimfall til staten og der alle kjøparar blir likestilte, og slik at dagens offentlege eigarar får lovfesta rett til ein andel av anlegget eller erstatning for tapet som eit heimfall medfører.

Samarbeidsforum i Sunnfjord sitt syn kan oppsummerast slik:

- Nye heimfallsreglar må ha som overordna mål å sikre offentleg eigarskap
- Forvaltning og verdiskaping av naturressursar bør skje mest mogeleg lokalt
- Det bør etablerast ordningar som skaper ein fungerande marknad for kraftkonsesjonar utan at heimfallsordninga fell bort

- Den norske stat må avklare handlingsrommet i EØS-avtala, og kva den har å seie for konsesjons- og heimfallsreglar i framtida
- Grundige konsekvensutgreingar må leggast fram før saka blir endeleg handsama

SIS sluttar seg til innstillinga frå mindretalet i Heimfallsutvalet og deira særmerknader.

Med helsing


Jenny Følling
Leiar SIS/ordfører i Gaular

Høyringsuttalen sendast til:

Olje og Energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO

Kopi:

LVK v/Vigdis Eklund, postboks 471, Sentrum, 0105 OSLO

KS sentralt

KS Sogn og Fjordane